



Handeland Byggsøk  
Rabben 55  
5108 HORDVIK

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/590 - 17/23662

Saksbehandlar:  
Merethe Tvedt  
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:  
29.11.2017

## Godkjenning- Endring av gitt løyve- Veg, vass og avlaupsanlegg, gbnr 27/75, Moldekleiv

**Administrativt vedtak. Saknr: 334/2017**

**Tiltakshavar:** Leigland Eigedom AS  
**Ansvarleg søkjar:** Handeland Byggsøk  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

### SAKSUTGREIING:

#### Tiltak:

Handeland Byggsøk har på vegne av tiltakshavar, Leigland Eigedom AS, søkt om løyve til endring av gitt løyve dagsett 24.8.2011 og 6.1.2017 for bygging av veg, vass og avlaupsanlegg på Moldekleiv (DNT-sak 318/11 og DNT sak 05/2017), gbnr 27/75 i Meland kommune. Omsøkte endringar:

- Vass og avlaupsleidning (VA) som går til «tomt nr 29» og gbnr 27/243 utgår. Desse eigedomane skal ha VA – leidning direkte til kommunal leidning sør på eigedommane. Dette inneber at «s13 mini» og «s14 mini» utgår frå VA-planen.
- «s4 mini» utgår.
- «s6 mini» blir erstatta med et stakepunkt.
- Gjennomsnittleg stigning på «veg9» blir endra frå 12,5% til 11%.

Det vert vist til søknad med vedlegg journalført motteke 23.11.2017

### VURDERING:

**Postadresse**  
postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

**Kontakt**  
www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

#### Nabovarsling:

Tiltaket er ikkje nabovarsla, ansvarleg søkjar ber om fritak etter Pbl § 21-3. Naboar blei varsla ved reguleringsendring av planen i rekommandert sending datert 12.5.2017. Endring på VA-anlegget ved fjerning av VA-leidningar til «tomt nr 29» og gbnr 27/243 er kjent for berørte partar av tomtane, og anna løysing med VA-leidning frå desse tomtane direkte til kommunal leidning er lagt fram for kommunen.

Endring på stigning av «veg9» er vurdert til å vera liten, og tiltaket elles er i samsvar med reguleringsplanen. Meland kommune fritar søkjar for nabovarsling i medhald av Pbl § 21-3 andre ledd og femte ledd.

#### Lov og plangrunnlag:

Eigedommen er regulert av reguleringsplanen for Moldekleiv (*arealplanid:125619780001*), tiltaket er i tråd med reguleringsplanen.

#### VA-anlegg:

Tiltaket blei godkjent saman med veg, vass og avlaupsanlegg, DNT sak 318/11. Største delen av anlegget har vore utført i 2011/2012. VA-trase som gjekk til «tomt 29» og gbnr 27/243, har ikkje vore bygd. Ved ferdigstilling av anlegget, har søkjar kome fram til at VA-leidning til desse tomtane får ei betre løysing frå sør, via kommunal leidning til kommunal kum i vegen. Søkjar er i dialog med ansvarleg for VA i Meland kommune, og endring av leidningane slik omtalt er løysbar.

Meland kommune har ingen merknader til at overflødig kum «s14 mini» utgår, og «s6 mini» blir erstatta med stakepunkt.

- Kommunen er kjent med at «s14 mini» er plassert i dag, og står open. Dersom den ikkje skal fjernast heilt, må den sikrast slik at det ikkje kan komme ting nedi som kan tette anlegget.

#### Veg:

Det var godkjent ei mindre reguleringsendring av området i DNT-sak 239/2016. Endringa innebar flytting av «veg9».

Bakgrunnen for reguleringsendringa var at vegen blei etablert med for bratt stigning ved bygging i 2011/2012. Den blei ikkje søkt ferdigattest på, og bustadene i området blei godkjent med avkjørsle frå den etablerte vegen. Då vegen skulle meldast ferdig blei det oppdaga avvik på stigning av vegen. For å oppnå krav til stigning måtte avkjørsle på vegen forskyvast slik at stigningsforholdet blei slakkare. Reguleringsendring av planen omfatta flytting av «veg 9», og krav til stigning var satt til 12,5 %.

Ansvarleg søkjar sendte inn søknad om ferdigattest av VVA anlegget journalført motteke 7.9.2017. Innmålingsdata vedlagt søknaden viste framleis avvik på stigning, samt var vegen bygd smalare og krysset mangla tilstrekkeleg svingradius. Meland kommune meldte om avvik frå reguleringsplanen. Saman med utilstrekkeleg svingradius i krysset, smal vegbreidde og bratt stigning ved innkjøring kunne ikkje ferdigattest gis.

Ved innmålingsdata motteke 23.11.2017 er vegbreidde og kryss utbetra.

I forhold til stigningsforhold på vegen føreligg det ein rapport frå Lindås og Meland brannvern om gjennomført testkjøring av «veg9». Rapporten viser at utrykkingskjøretøy kan nytta vegen slik den no er bygd. Meland kommune finn å kunne godkjenne endringa.

Ansvar:

Ansvarsrettar og tiltaksklassifisering i saka går fram av erklæringar om ansvarsrett og gjennomføringsplan dagsett 15.12.2016, vedlagt søknaden. Ansvarlege i byggesaker innestår for at tiltaket vert utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av denne lov, jf pbl § 23-1.

Ansvarleg søker skal samordne dei ansvarleg prosjekterande, utførande og kontrollerande, og sjå til at alle oppgåver er belagt med ansvar, jf pbl § 23-4, andre ledd.

**VEDTAK:**

«Meland kommune gjev i medhald av pbl §§ 20-1 og 20-3 løyve til endring av tiltak godkjent i DNT-vedtak 318/11 dagsett 24.8.2011 for bygging av veg, vass og avlaupsanlegg på Moldekleiv, gbnr 27/75 i Meland kommune. Endringa gjeld omlegging av VA anlegget, der leidning og kum utgår. Samt endring av stigning på «veg9».

- «s14 mini» må sikrast.

Vedtaket datert 24.8.2011 og 6.1.2017 (DNT sak 318/11 og 05/2017) gjeld, med unntak av godkjente endringar. Grunngevinga går fram av saksutgreiinga ovanfor.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova så langt det ikkje er gjort unntak.

Dei opplysningar om byggjetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse».

\*\*\*\*\*

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr for sakshandsaming vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsatt ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3,28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert krevd gebyr. Det kan klagast over kva for punkt i gebyrregulativet gebyret er berekna ut frå.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt  
rådgjevar byggjesak

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Søknad om endring av gitt løyve GBNR 27/75

Følgeskriv

Vedlegg D1 - SOM BYGGET - VA

Vedlegg D2 - SOM BYGGET - 001 Vegprofil17021Moldekleivmarka\_M500 A3

Befaring veg G.nr,27,b.nr,75 i Meland kommune

**Kopi til:**

Leigland Bygg AS

**Mottakere:**

Handeland Byggsøk

Rabben 55

5108

HORDVIK